

Grillhytte for heile bygda!

05.06.2012



[Knut Johannes er med rette stolt av verket](#)

Dugnadsånda lever i høgste grad i bygda og no får den eit nytt flott uttrykk på toppen av friluftseldoradoet Skårhaug. Der har Knut Johannes Ripel reist ei åttekanta grillhytte med god hjelp av Kjetil Myklebust. Han strekar under at byggverket, som han har teikna sjølv, vil stå til disposisjon for alle i bygda sjølv om den kommunale barnehagen har gjeve startsignalet for det stilige prosjektet. Trebygget kjem til erstatning for tøylavoen som bles ned i fleire omgangar.



[Knut Johannes og Kjetil har gjort god jobb](#)

Det skjedde mellom anna i januar 2006 då det var orkan i kasta.

Etterkvart vart konklusjonen at det burde satsast

på ein meir solid konstruksjon på ein så vindutsett plass og

då kom Knut Johannes inn i biletet gjennom FAU.

Etterkvart vart konklusjonen at det burde satsast på noko meir enn ein lavo

og han teikna hytta utan å ha nokon annan modell enn den han

henta i sin frie fantasi. Heldigvis var golvet intakt og uskada.

Kalkylen lyder på 40 000-45 000.

Kor mange dugnadstimar han har lagt ned tør han ikkje rekna på.

Fleire har bidratt til byggverket og Knut Johannes nemner i fleng:

Byggeriet, banken, Schat-Harding, Lio, Lions, Kvinnherad Bygg,Ospelunden,

Uskedalen Utviklingog Uskedal Eigedom.

Hytta blir rundt rekna 20 kvadratmeter stor og inne vil det bli montert

omn og benkar. Knut Johannes trur det vil bli haust før verket

er fullendt og han tek gjerne imot meir hjelp. Hjelparane kan ringa

92 44 19 15.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen